

SVAR PÅ GRUNNGJEVE SPØRSMÅL FRÅ ARILD IVERSEN:

Behov for skulebygg i Austefjord og Hornindal

Arild Iversen stiller desse spørsmåla til meg som ordførar:

1. Vil Volda kommune ved Fellesnemnda vil ta initiativ til slike drøftingar med Hornindal?
2. Meiner ordføraren det er økonomisk berekraftig for Nye Volda å legge ned ein nesten ny skule i Austefjorden og sende elevane til planlagd ny skule i Hornindal utan at kapasitet i krinsen vert nytta så godt som råd?

Eg gjer merksam på at svar på spørsmål 1 finn ein i «Intensjonsavtale Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar» vedteken av begge kommunestyra.

I punkt 3. Betre tenester heiter det:

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar.

- Framtidsretta infrastruktur med oppdaterte kommunale bygg. I Volda gjeld dette særleg Volda ungdomsskule, Mork skule og sentrumsbarnehagane. I Hornindal gjeld dette Hornindal skule og omsorgssenteret.

I forhandlingane var det klart presisert at Hornindal skule må pussast opp og dette blei akseptert av Volda som ein del av intensjonsavtalen.

Formelt er det fellesnemnda som skal vurdere om investeringar er i samsvar med avtalen. Dette er regulert i punkt 9 i avtalen:

9. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) Orientere kvarandre om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
- b) Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- c) Ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

og

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

Investeringsbudsjetta til Hornindal og Volda vil bli lagt fram for fellesnemnda til vurdering før dei blir vedtekne av dei respektive kommunestyra.

Når det gjeld spørsmål 2. vil det i tillegg vere eit sentralt punkt i langtidsbudsjettet til Volda kommune.

Ordførar Jørgen Amdam 23.10.2017

Grunngjeve spørsmål til ordførar Jørgen Amdam:

Behov for skulebygg i Austefjord og Hornindal

Kommunestyret i Hornindal gjorde i juni i år samråystes vedtak om rehabilitering av Hornindal skule for 25,2 mill kroner. Samtidig vart det søkt om snarleg rivingsløyve. Vedlagde skisser tyder på at dette langt på veg gjeld bygging av nytt skulebygg. I tillegg har Hornindal etablert nye og gode areal for ungdomsskulen sin i idrettsbygget like ved.

Eg kjenner ikkje til den tekniske tilstanden til skulen som skal rehabiliterast, men støttar tanken om at skuleborna skal ha gode læringsmiljø og nær seg spesielt i dei første årstrinna. Eg har heller ikkje grunnlag for ikkje å ha tillit til behovet for nytt skulebygg i Hornindal.

I vedteken intensjonsavtale mellom Volda og Hornindal kommune går det fram at Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule. Dette kan oppfattast slik at elevar frå Austefjord skal overførast til Hornindal eller like gjerne at ein skal sjå desse skulane som tilhøyrande same skulekrets.

Skulebygga er ein viktig innsatsfaktor for opplæringa til borna. Nye skulebygg er store investeringar. Minst like viktig er framtidige driftskostnader i form av drift av bygg og god bruk av lærarressursane. Det er slik eg ser det naturleg at ein kritisk vurderer framtidig samla arealbehov for skulebygg i den nye skulekrinsen.

I den same intensjonsavtalen er det bestemt at kommunane skal vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane sin økonomiske bereeivne. Det er også nedfelt at kommunane skal orientere kvarandre om investeringar og tiltak slik at den andre kommunen får innsyn. Etter at fellesnemnda for Nye Volda kom i arbeid før sommaren 2017 er det dette organet som har slikt ansvar. Eg kan ikkje sjå at det i møteprotokollane frå dette utvalet hittil er orientert om betydelege investeringar og tiltak i begge kommunar eller at kommunestyret i Volda er orientert om vedtak om nytt skulebygg i Hornindal. Slik investering vil i alle høve påverke økonomiplanen for komande år.

Det kan sjå ut som det vert bygt ny skule i Hornindal og at ein nesten ny skule i Austefjord kan verte nedlagd. Uansett løysing vil elevane i framtida få lengre skuleveg om skular vert nedlagde. Vegstandarden mellom Austefjorden og Hornindal er den aller beste. Reisevegen vil vere om lag 10 minutt. Mange elevar i Volda, både i barne- og ungdomsskulen har i dag lengre skuleveg.

Eg stiller spørsmål ved om det vert gjort ein heilskapleg gjennomgang for Nye Volda om framtidig behov for skulebygg i den nye skulekrinsen. Kor mange elevplassar i Hornindal er det behov for å bygge dersom ein fyller samla tilgjengeleg kapasitet i dag ved skulebygga i Austefjord og Hornindal. Kva er då behovet for nødvendig areal, og korleis kan undervisinga organiserast for ulike årssteg.

Mine spørsmål til ordføraren er:

1. Vil Volda kommune ved Fellesnemnda vil ta initiativ til slike drøftingar med Hornindal?
2. Meiner ordføraren det er økonomisk berekraftig for Nye Volda å legge ned ein nesten ny skule i Austefjorden og sende elevane til planlagd ny skule i Hornindal utan at kapasitet i krinsen vert nytta så godt som råd?